



Kjellaug Rød beundrar eit flott skjerf.

I dag er siste dag populære Martabu har ope denne sommarsesongen. Jane Haaranes, som er ansvarleg for den daglege drifta, kan melde om ei god avslutningshelg. Etter ein midt-på-treet-dag i går, har det vore svært mykje kundar til no i dag. Butikken er open til kl.16.00, så det er enno gode muligheter for å ta ein tur.

Jane fortel at i dag har ho kanskje hatt den beste dagen i heile sommar. - Overraskande mange har vore innoom å handla og kost seg med melkekaker og kaffi i dag. Melkekaker gjekk eg faktisk tom for etter halvannen time. Eg har selt veldig mykje strikkeprodukt og trearbeid i dag. Spekemat har det og gått unna av! seier ho vidare.



Framleis mykje fint handarbeid



[...og meir handarbeid](#)

Trass i det gode salget er det framleis mykje fine og gode produkt i hyllene. Dei som ikkje alt har besøkt denne gamle butikkattraksjonen, har framleis eit par timar på seg. Den stengjer for sesongen kl.16.00, men Jane har sagt at dei som har levert inn varer, kan henta dei frå kl.14.00 og utover.



....og smykker....



.. og spekeemat og flatbrød

Ho er svært fornøgd med sesongen. Martabu har vore ein suksess. - Det er ikkje tvil om at dette er eit tilbod som både turistar og fastbuande set stor pris på. Mange frå begge kategoriar har gitt uttrykk for det, seier ho, samstundes som ho understekar at det har vore ein triveleg jobb.



Ove Sæbø lagar flotte smijernsskilt. Det er og mykje fint i trearbeid.

Etter opningssøndagen har Jane no tilbrakt 6 helger, lørdagar og søndagar, i Martabu. Det er ein stor innsats som har stor verdi for sommarbygda Uskedalen. Alt arbeid med Martabu er dugnadsbasert, og Jane og dei andre som er involvert i drifta fortener stor ros for det!

Omsetninga har vore god. Det ser no ut til at den kjem opp mot 45000kr, og det er godt over det som var forventa.

Når sommarsesongen no er over, håpar vi verkeleg at Martabu opnar på nytt i førjulstida. Det er med og skaper den rette førjulsstemninga i bygda.

Av: Thor Inge Døssland.



Martabu har og sytt for informasjon til turistane.